

HAFSTAD VIDAREGÅANDE SKULE
Din kunnskap - vår framtid

ELEVINFORMASJON
2020/2021



Velkommen til Hafstad vidaregåande skule!

Vi legg vekt på at lærarar/tilsett og elevar arbeider i lag for å skape eit godt klasse-, lærings- og skulemiljø. Alle elevar har rett på eit trykt og godt skulemiljø.

Aktiv deltaking i eige læringsarbeid òg i å skape eit godt miljø er avgjerande for di faglege og sosiale utvikling.

Vi har dyktige og engasjerte lærarar som vil vere fagpersonar, formidlarar, rettleiarar og medmenneske i læringsarbeidet ditt. Vi ønskjer at tida di ved skulen skal førebu deg godt til vidare utdanning og ei god framtid .

Det er viktig å vere merksam på at i vidaregåande opplæring er det ei [fråværgrensa på 10%](#) i det enkelte fag.

Som ein del av den vidaregåande opplæringa i Vestland fylkeskommune legg vi vekt på at elevar og tilsette skal ha ein tobakksfri skule- og arbeidskvardag.

Velkommen til eit lærerikt, utfordrande og spennande skuleår!

Nina Bygstad
Rektor

Rektor	Nina Bygstad
Pedagogisk leiar	Inger Karin Oppedal
Administrativ leiar	Magne Frøholm
Avdelingsleiar for filologiske fag og samfunnsfag	Anette Drage
Avdelingsleiar for realfag og kroppsøving	Jan T. Taule
Avdelingsleiar for medium og kommunikasjon, kunst, design og arkitektur	Mona Fossdal
Rådgjevar karriere og sosialpedagogikk	Björg S. Indrebø / Linda S. Hvidsten
Rådgivar til tilpassa opplæring	Ellrun Enny Aarseth
Rettleingstenesta	Lill Anett Juvik / Torgrim Rødvik
Miljøkoordinator	Ane Østby Birkeland
Bibliotekar	Berit Ekerbakke / Karoline Vie
E-pedagog	Alf-Tore Kirkeli
E-pedagog	Maria Stubhaug
IKT - konsulent	Sunniva H. Sagstuen
Lærling IKT	Aleksander Sundbotten
Kontorpersonalet:	
Rådgjevar	Margunn Brede
Konsulent	Vibeke Gjelsvik
Kontormedarbeidar/skranke	Jeanette Sørevik
Kantine	Hege Mathisen / Monika B.Hauge
Helsesøster	Jorunn Eldegard / Anita Løkkebø
Skulelege	Henriette Moe / Manpreet Singh
Skulepsykolog	Maria Bergsholm / Øystein Hånes Verås

Skulekantina; opningstid: kl. 08.00 -12.45. No i koronatida oppmodar vi om å ta med matpakke då kantina vil ha sterkt redusert kapasitet som følge av hygienetiltak.

SKULEVEKA

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1. 08.20-09.05					
2. 09.05-09.50					
3. 10.00-10.45					
4. 10.50-11.35					
11.35-11.55	LUNSJ				
5. 11.55-12.40			Basistime		
6. 12.45-13.30					
7. 13.35-14.20					
8. 14.20-15.05					

Midttimar og studietimar

Midttimar (5.time, kvar dag kl. 1155-1240) er timar der det vanlegvis ikkje er undervisning.

Midttimen onsdagar er reservert i timeplanen til kontaktlærer sin time med klassen (basistime). Det er

Kunnskap Engasjement Toleranse Nysgjerrigheit Respekt

obligatorisk frammøte til desse timane. Dei andre midttimane, der det ikkje er undervisning, kan nyttast til studietimar, prøvar, informasjon, møte i elevrådet/elevrådsstyret, russestyret og anna.

Studietimar, tid til møte, samarbeid og samtale med lærar, m.m.

Undervisningsfrie timar, i tillegg til midttimar, nyttar elevane til studietimar, møte, samarbeid, samtale med faglærar m.m. Undervisningsfrie timar kan også nyttast til prøvar, informasjon og anna.

Midttimar og undervisningsfrie timar som blir brukte til obligatoriske aktivitetar, vert kompenserte med at ein får avspasere i perioden mai/juni og etter skulen sin plan for avslutning av skuleåret.

Det er viktig at ein i løpet av skuledagen får tid til andre aktivitetar enn undervisning og arbeid med lekser. Noko av undervisningsfri tid treng ein til nødvendige pausar og sosialt samvære med andre elevar. Det er likevel viktig å minne om at dersom ein brukar skuletida godt, vil ein få meir tid til andre aktivitetar etter at skuledagen er slutt. I studietimane kan ein nytte både lesesalar, arbeidsplassar i fellesområde, ledige klasserom og kantina. Hugs at god og stabil innsats er ein føresetnad for gode resultat.

Parkering

Det er **sykkelparkering** i sykkelstativa ved hovudinngangen og inngangen mot E39 og på austsida.

Bilar skal parkere på parkeringsplassen v/Festplassen på nordsida av Jølstra eller på offentleg parkeringsplass v/Politiet. Det er ikkje lov å parkere på naboeigedomane v/Viking, Shell og Esso, eller framfor hovudinngangen v/gangbrua. Parkeringsplassen på austsida er reservert tilsette og gjester, jfr. skulen sitt ordensreglement § 3.12. **Motorsyklar, mopedar/el-mopedar og syklar** kan parkerast på tilvist plass mot volleyballbanene på austsida av skulen.

Skuleskyss

Det er **avstiging** om morgonen **ved skulen** på sørsida for elevar som kjem med bussar frå Jølster/Holsen/Viksdalen. Alle andre går av på Festplassen på nordsida av Jølstra.

Det er **påstiging** til skulebussane på Festplassen. Dette gjeld alle utanom elevar frå Sande/Bygstad/Dale (busslomme E39) og elevar frå Angedalen (busslomme i Angedalsvegen).

NB! Fleksibel skuleskyss er avgrensa til ei dagleg heimreise kvar skuledag. Nokre av ekspressbussane er unnateke ordninga (gjeld bussar frå Førde mot Skei kl. 0930, 1145, 1230, 1545, 2030 og mot Sande kl. 0845, 1145, 1445, 1645, 1815, 2015)

Reglar for lån av bøker på skulebiblioteket

- Lånetid: 4 veker (10 månader for lærebøker på Vg1, Vg2 og Vg3)
- Utlånet skal registrerast på biblioteket – nasjonalt lånekort for bibliotek kan brukast
- Stell bøkene fint og lever dei tilbake til bibliotekar, ev. i kassa ved biblioteket

NB! Dersom bøker blir skadde eller kjem bort, er du erstatningspliktig (innkjøpspris). Du er også erstatningspliktig om du har skriva, brukt markeringspenn eller streka under i bøkene. Arbeidsbøker skal ikkje skrivast i, verken med blyant eller penn, dersom dei skal leverast inn att.

Skulebøker for inneverande skuleår vert ikkje leverte ut til elevar som ikkje har levert inn alle skulebøker for førre skuleår.

Alle elevane får tilbod om **skåp** etter oppsett plan. Namn og klasse skal skrivast på tilvist plass.

ÅRSPLAN for skuleåret finn du på heimesida til skulen (www.hafstad.vgs.no). Her finn du også anna viktig informasjon.